

Vekeplan, veke 38

4. klasse

Namn:

Info:

- Foreldremøte 18.9. kl 17.30. Vi møtast klasserommet før det blir fellesdel i mediateket.
- 24.september er det fotografering.
- Norli jr startar. Logg inn med same brukar som i fjor eller lag ny. Viss de lagar ny, er det lurt å bruke feidebrukarnamn og feidepassord (det hugsar elevane). MEN: De må logge inn der det står brukarnamn og passord, ikkje der det står «logg på med Feide» (det virkar ikkje). Klassekode er 7GVL
- Eg minner om innesko og skifteklede. Det er mykje regn.....
- I gym kjem vi til å halde på med *Kast ballen*, eit opplegg frå Norges Håndballforbund.
- Eg ser at leselekser blir lagt inn på litt forskjellige stader på Showbie, så no har eg fjerna mappa som heiter Relemo. Frå no av legg de all leselekse som skal inn på Showbie inn under «leselekse» og riktig veke.
- **VIKTIG:** Elevane må hugse å ha med opplada ipad kvar dag! Det kan lett bli unødvendig krøll i timane viss ikkje.
- Torsdag 18.9 er Grete på kurs, så då kjem det ein vikar i 1.økt.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg skriv kort å-lyd med o. - Eg skriv namn med stor forbokstav. - Eg forstår det eg les - Eg kan fortelje om skogfinnane	
Rekning:	- Eg kan rekne med store tal opp til 10 000 - Eg kan auke eller minske med eit siffer - Eg kan stille opp eit reknestykke med addisjon og subtraksjon	
Engelsk:	- Eg kan sei fleire substantiv på engelsk - Eg kan sei fleire verb på engelsk - Eg kan sei fleire adjektiv på engelsk	
Sosialt:	- Eg gjer det eg får beskjed om.	

Øveord:

Finland – Sverige – oldemor – hogge – fattigdom

Gloser

Brought – tok med
Teeth – tenner
Share – dele
Sneakers – joggesko
Smell – lukt
Cancelled - avlyst

Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les s. 36 (enklast) eller s. 37-39 (meir krevjande) i Salto. Les tre gonger derav to gonger høgt for ein vaksen. Matte: Gjer s. 16 i Multi oppgåvebok. Ta med underskrift på gongeprøve og målprøve.
Onsdag:	Norsk: Skriv forteljing med utgangspunkt i bilete i den lille forteljingsboka. Lag passande overskrift. Ver nøye med punktum og stor bokstav. Hugs å skrive fin, samanhengande skrift. Etterpå les du forteljinga di inn på Showbie under leselekse, veke 38. Lever forteljingsboka. Engelsk: Les s 16 i Quest Textbook, og hugs å sjå på glosene og kva dei tyder. Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Torsdag:	Norsk: Les tekst i den store raude boka to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Gjer dei tilhøyrande oppgåvene. Hugs punktum og stor bokstav. Lever boka. Hugs symjing.
Fredag:	Norsk: Les vidare på Relemo, ta bilete og lever på Showbie under leselekse, veke 38. Matte: Gjer s. 17 i Multi oppgåvebok. Øv 15 min på 0-6 gongen til gongeprøve. Målprøve.

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk Musikk ER	Matte EH	Naturfag Boklån LT	Norsk GS Dra på symjing 9.30	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Engelsk ER	Symjing AI/ER	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 GS	Krle 3+4 MH	Norsk GS
			Skulen sluttar 12.40		

GS= Grete Stokke AI = Aina Idland. MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle
ER = Erik Røyland.

